



Det blir ein ny runde i sandtaksaka i forvaltningskomiteen onsdag. Slik er det aktuelle område markert på flyfoto av naboar.

**Onsdag skal politikarane i forvaltningskomiteen igjen behandla sandtakplanane til Trond H. Myklebust på Døsland. Rådmannen går inn for at dei skal vedta eit begrensa utgreiingsprogram (planprogram) for**

**reguleringsplanen. Det skal gjennomførast ein forenkla konsekvensutgreiing med tre emne: Uskedalselva som viktig laks- og sjøareelv, visualisering av etterbruken og støy. Fylkesmannen har fremja motsegn til planen og bedt om konsekvensutgreiing.**

No er det gjennomført ei offentleg høyring og det har kome inn 10 merknadar frå offentlege instansar og privatpersonar – også naboar. Det er sterke innspel i høve til framtidig trafikkmonster, støy, støv, det visuelle med meir, konstaterer rådmannen. Men ingen vav merknadene gjev grunnlag for endring av planprogrammet.

Geir Enes har bedt om at trafikkbelastning og trafikktryggleik vert nøye utgreia. Han viser til at fylkesvegen er smal og går gjennom fem-seks gardstun. Den er turveg og skuleveg utan rett til skuleskyss. Til dette svarar Myklebust at ved drift i sandtaket som tilsvarar meir enn fem lastebillass om dagen vil dei som har barn i skulealder og som ikkje har rett på buss få refundert busskortkostnadene mot kvittering. Han skriv også at vegen vert mest nytta til turgåing etter normal arbeidstid og då vil det heller ikkje vera vesentleg trafikk frå sandtaket.

Bergvesenet saknar ei grunngeving og vurdering av trong for prosjektet og marknadstilhøva og opplysning om kvaliteten på massane. Myklebust svarar til dette at ved tidlegare drift i sandtaket vart sanden der rekna som ein av dei beste pussesandressursane i Sunnhordland og at dette ikkje skulle ha forandra seg vesentleg. Men han lovar å nta med eit avsnitt om marknadstilhøva.

For naboar er støy og støv det viktigaste og Myklebust lovar at støyen ikkje skal overskrida gjeldande normer. For å sjekke dette vil det bli målt støy frå den gamle maskinparken og den støyer vesentleg meir enn dagens driftsutstyr. Ein vil også la det stå att ein støyvoll som skjermar vesentleg for støyen.

Med omsyn til støv vil sandtaket, slik som det ligg i høve til bebyggelsen i nærleiken, ikkje vera utsett for dei mest normale vindretningane i dalen. Det vil som ei sikring bli sett ei tankvogn med spyledyse for vatn i beredskap. Ein vil også tilstreba at det ikkje vert avdekka meir sand i terrenget i høve til drifta.

Med omsyn til trafikk har ein representant for Statens Vegvesen vore på synfaring og vore positiv til tiltaket. Han har merka inn dei møteplassane som allereie er avtala med grunneigarane.

Myklebust opplyser med omsyn til det visuelle at det vil bli lagt tilbake jord og planta tilbake til LNF-område etterkvart som uttaket er ferdig for å minska størrelsen på det totale uttaket. Etterbruken vil bli beite, slåttemark og ein liten grad av beplantning med lokale tresortar.

Miljøretta helsevern i kommunen har peika på at området blir nytta som turområde, men Myklebust svarar at dette gjeld ei heller lita gruppe og at hovedtrafikken inn til Børsdalen går via Haugland og den nye skogsvegen der.

Grunneigar Astrid Døssland spør kva tid fylkesvegen vart oppgradert til 10 tonn og Myklebust svarar at det skjedde på spørsmål frå han før reguleringsprosessen vart sett i gang. Tidlegare var vegen klassa til BK 8 fordi Storebru ovanfor innkjørsla ikkje tåler meir enn åtte tonn. Vegen nedenfor trong difor ingen oppgraderingar for å bli klassa opp.

Av Ola Matti Mathisen